

Til Meland kommune

Postboks 79

5906 Frekhaug

Vedk.» Innspel breibandsutbygging».

Myrtveit Bygdelag søker om å verta prioritert i samband med utbygging av breidband i Meland kommune.

Bygdelaget representerer bygdene Hestdal, Håtuft, Gripen og Myrtveit.

Desse bygdene har hatt og har store vanskar med nett-tilgang då eksisterande nett er svært ustabilt. Det er ingen leverandørar av breidband på linje.

Einaste alternativ nettleverandør er radio og satellitt - basert. Desse produkta er ustabile og er langt meir kostbart enn dei linjebaserte nettleverandørane.

I mange periodar har me vore utan nett-tilgang i fleire veker. Når me då heller ikkje har mobilnett som kan fungera som erstatning, er me heilt ute av stand til å ha kontakt med e-post, bank o.l. I tillegg kan ikkje skuleungdom arbeida slik det forventas.

Som næringsdrivande er dette heilt uhaldbart.

Bygdelaget vonar at ein vil prioritera våre bygder, som ikkje har normal tilgang til nett, slik dei aller fleste innbyggjarane i kommunen har.

Myrtveit 29.april 2015

Helsing

Gerle Alsevoll

Styret i

Myrtveit Bygdelag